



# Reglement

for kultur-, næring- og folkehelseutvalet



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

# Innhold

I	Val og samansetjing .....	3
II	Arbeidsområde .....	3
III	Delegering til hovudutvalet – avgjerdsmynde Uttalerett – rådgjevande mynde .....	3
IV	Delegering til administrasjonen .....	4
V	Møte og sekretariat .....	4

Fastsett i medhald av Lov om kommuner og fylkeskommuner av 22. juni 2018 § 11-12 Vedteke av fylkestinget i Møre og Romsdal i møte 14. - 16. oktober 2019, sak T-68/19.

## **I VAL OG SAMANSETJING**

**§ 1** Kultur-, næring- og folkehelseutvalet er valt i medhald av kommunelova § 5-7 og har 13 medlemmer med gruppevise personlege varamedlemer valt av fylkestinget for den fylkeskommunale valperioden. Fylkestinget bør velje medlemene i utvalet blant fylkestinget sine medlemmer og varamedlemer.

**§ 2** Fylkestinget vel leiar og nestleiar for den fylkeskommunale valperioden.

Dersom ein medlem eller ein varamedlem trer endeleg ut av utvalet, blir suppleringsval i medhald av kommunelova § 7-10, jf. § 5-7, gjort av fylkestinget.

## **II ARBEIDSOMRÅDE**

**§ 3** Ansvarsområde for kultur-, næring- og folkehelseutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommunen er knytt til desse hovudoppgåvene:

- Kunst- og kulturformidling
- Fysisk aktivitet, friluftsliv og frivilligheit
- Regional kulturminneforvaltning
- Næring, forskning og innovasjon
- By-, tettstad- og lokalsamfunnsutvikling
- Energi, klima, miljø og naturressursar
- Folkehelse og inkludering
- Tannhelse

Hovudutvalet har ansvaret for at dei fylkeskommunale tenestene innafor arbeidsområdet området blir planlagt, gjennomført og evaluert slik at brukarane sitt behov for slike tenester blir dekt i samsvar med gjeldande lovgjeving, vedtak av fylkestinget/fylkesutvalet og overordna planar.

## **III DELEGERING TIL HOVUDUTVALET AVGJERDSMYNDE**

**§ 4** Hovudutvalet tek, innafor sitt arbeids- og ansvarsområde jf. § 3, avgjerd etter dei retningslinjer som er fastsett i eller i medhald av lov og forskrift med mindre vedtak av fylkestinget eller fylkesutvalet avgrensar avgjerdsmyndet. Det blir vist til delegasjonsreglementet for Møre og Romsdal fylkeskommune.

Hovedutvalet skal forvalte dei løyvde midlane innafor si totale budsjetttramme på ein slik måte som er fastsett mellom anna i planar, budsjett og reglement for mynde i budsjettsaker.

Hovudutvalet kan opprette eit arbeidsutval med medlemar som er valde blant medlemane av utvalet jf. kommunelova § 5-7.

### **UTTALERETT/RÅDGJEVANDE MYNDE**

**§ 5** Hovudutvalet skal for sitt arbeidsområde gje tilrådingar/fråsegner når det gjeld:

- 1) fylkesplanen, andre sektorovergripande planar, økonomiplan og årsbudsjettet
- 2) planlegging og prioritering i saker der avgjerd blir teke av anna fylkeskommunalt organ
- 3) andre saker som fylkestinget, fylkesutvalet, fylkesplanutvalet, anna hovudutval eller fylkeskommunedirektøren, jf. § 8, legg fram for hovudutvalet.

### **IV**

#### **DELEGERING TIL ADMINISTRASJONEN**

**§ 6** I den grad lov, forskrift eller vedtak av fylkesting og/eller fylkesutval ikkje er til hinder for det, kan hovudutvalet vidaredelegere sitt mynde til administrasjonen.

Slik delegering skjer alltid til fylkeskommunedirektøren, jf. kommunelova § 13-1, med mindre lov/forskrift er til hinder for det. Fylkeskommunedirektøren tek avgjerd m.o.t. kven som på vegner av han skal utøve det delegerte myndet.

### **V**

#### **MØTE OG SEKRETARIAT**

**§ 7** Hovudutvalet skal etter kommunelova § 11-2 ha møte når:  
- organet sjølv eller fylkestinget vedtek det  
- leiaren av hovudutvalet krev det  
- minst 1/3 av medlemane krev det

Hovudutvalet blir innkalla med ein frist på minst 7 dagar. Innkallinga vedlagt saksdokument skal sendast medlemer, varamedlemer og andre med møterett.

**§ 8** Etatsjefen på vegner av fylkeskommunedirektøren, jf. kommunelova § 13-1, gjev innstilling i alle saker som blir lagt fram for hovudutvalet, med mindre lov eller forskrift er til hinder for det.

Er det fleire etatsjefar som legg saker fram for hovudutvalet, avgjer fylkeskommunedirektøren det nærare ansvarsområdet dei imellom.

**§ 9** Fylkesordføraren har etter kommunelova § 6-1 møte-, tale- og forslagsrett i hovudutvalet, men har berre røysterett dersom han/ho er vald medlem i utvalet. Fylkesordføraren kan la seg representere ved ein annan medlem av fylkestinget som ikkje er medlem av hovudutvalet.

Fylkeskommunedirektøren har etter kommunelova § 13-1 møte- og talerett, personleg eller ved ein av sine underordna. I tillegg har etatsjefen/etatsjefane, jfr. § 8 andre ledd, møte- og talerett med mindre lov eller forskrift er til hinder for det, jf. § 8 første ledd.

Andre fylkeskommunale tenestemenn og sakkunnige kan og innkallast til møta når hovudutvalet, leiaren, fylkeskommunedirektøren eller etatsjefen innkallar dei.

Etter vedtak i fylkestinget i sak T-63/95 har dei tilsette møte- og talerett etter § 13-4 i kommunelova for 4 representantar i saker som gjeld tilhøvet mellom fylkeskommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette. Saklista skal settast opp slik at desse sakene blir samla.

Utvalsleiaren kan etter førespurnad gje utsending frå rådgivande utval talerett i enkeltsaker.

**§ 10** Det skal førast møtebok over forhandlingane i hovudutvalet i samsvar med reglement fastsett av fylkestinget, jf. kommunelova § 11-4.

Møteboka skal som hovudregel leggjast fram til godkjenning til medlemene på slutten av møtet.

**§ 11** Fylkeskommunedirektøren er ansvarleg for hovudutvalet sitt sekretariat, jf. kommunelova § 13-1 Fylkeskommunedirektøren kan fastsetje korleis sekretariatsansvaret skal ivaretakast.

Sekretariatet samordnar og førebur hovudutvalet sine møte.

**§ 12** Hovudutvalet tek avgjerd i møte og er vedtaksført når minst halvparten av medlemene er til stades, jf. kommunelova § 11-9.

Hovudutvalet tek avgjerd med vanleg fleirtal. Dersom talet på røyster for og i mot eit forslag er likt blir møteleiar si røyst avgjerande jf. kommunelova § 11-9.

Ved fleirtalsval gjeld kommunelova § 7-8.

Når vilkåra etter kommunelova § 11-7 og § 11-8 er til stades, kan hovudutvalet ta avgjerd ved

- 1) - fjernmøte
- 2) - skriftleg saksbehandling

Avgjerd om dette blir gjort av leiaren i kvart einskild høve.

**§ 13** Dersom eit mindretal på minst tre av medlemene eller fylkesordførar eller fylkes- rådmann krev det, kan eit vedtak i hovudutvalet leggjast fram for fylkesutvalet til avgjerd. Slikt krav må setjast fram før møtet er avslutta.

**§ 14** Utvalet sine møte blir haldne for opne dører, jf kommunelova § 11-5.

Møtet skal etter kommunelova § 11-5 andre ledd lukkast når ei sak inneheld opplysningar som tilseier lovpålagt teieplikt. Teieplikta gjeld alle som er til stades i møtet, både folkevalde, offentlege tenestemenn og andre. Lovpålagt teieplikt kan berre falle bort dersom den som har krav på teieplikt, samtykker eller det er fastsett i lov.

Hovudutvalet skal praktisere meiroffentlegheit, men kan etter kommunelova § 11-5 tredje ledd lukke møtet når tungtvegande offentlege interessert tilseier det eller når personvernomsyn krev det.

Vedtak i saker som er behandla for lukka dører er likevel offentlege når vedtaket ikkje inneheld opplysningar som er underlagt teieplikt.

**§ 15** Den som er inhabil i ei sak etter kommunelova § 11-10, jf. forvaltningslova kap. 6, eller som etter kommunelova § 11-11 blir friteken, skal ikkje vere med på å drøfte eller avgjere saka.

**Besøksadresse**

Møre og Romsdal fylkeskommune  
Julsundvegen 9  
6412 Molde

**Postadresse**

Møre og Romsdal fylkeskommune  
Postboks 2500  
6404 Molde

**Telefon:** 71 25 80 00**Mail:** [post@mrfylke.no](mailto:post@mrfylke.no)**Web:** [mrfylke.no](http://mrfylke.no)

Møre og Romsdal  
fylkeskommune